



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2588 - 18/31790

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

18.10.2018

Godkjenning av plan for mellombels anlegg- og riggområde - gbnr 137/804 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 568/18

Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS

Ansvarleg søkjar: Reigstad Bygg og Eigedom AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld godkjenning av plan for mellombels – anlegg og riggområde.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.08.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.08.2018 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2. Kommunen beklagar lang sakshandsamingstid.

Planstatus:

Reguleringsplan for Kubbaleitet med arealplan-ID 1263-201215.

Planføresegn pkt. 11.2 Mellombels anlegg – og riggområde:

«Område merka #3 kan i byggeperioden nyttast til mellombels anlegg- og riggområde. Før anlegget igangsettast skal det utarbeidast planar for bruk av områda i byggeperioden. Planane skal godkjennast av Lindås kommune. Etter avslutta anleggsperiode skal områda setjast i stand i samsvar med føremål i plankartet.»

Planføresegn pkt. 2.3 Avfallshandtering og massehandtering:

«Det vil i forbindelse med utbygging av området bli nytta midlertidig steinknuseverk. Eventuelle overskotsmassar som ikkje kan nyttast innanfor planområdet skal transporterast bort til godkjend deponi.»

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01


Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Utsnitt plankart



Utsnitt situasjonskart, datert 23.08.2018



VURDERING

Det er søkt om godkjenning av plan for mellombels – anlegg og riggområde på #3. Innsendt plan viser mellombels rigg- og anleggsområde og knuseverk for gjenbruk av jord og steinmassar. Det er naudsynt i den mellombelse rigg- og anleggs perioden å ha eit steinknuseverk for steinmassane, jf. pkt. 2.3.

Riggområdet er vist litt ut over omrpdet som er satt av til riggområde i planen, på areal sett av til bustadtomt og f_L4 Leikeplass, men er kun mellombels og skal tilbakeførast. Då tiltaket er mellombels vert det vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå arealføremål i plan.

Anvist mellombels- anlegg og riggområde er i samsvar med reguleringsplan. Illustrerte tiltak på innsendt situasjonskart, herunder knuseverket, er etter kommunens vurdering «... Bygninger, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge – eller anleggstomt hvor arbeid pågår.», jf. pbl.§ 4-2 bokstav a). Desse tiltaka kan plasserast utan søknad og løyve.

Etter dette vert det gjeve godkjenning av plan for mellombels – anlegg og riggområde.

Tiltakshavar må sørge for at tiltaka, herunder knuseverket, er i samsvar med dei krava Fylkesmannen stiller iht. forureingslova , herunder forureingslova kapittel 30, sjå vedlagte meldeskjema. Dette til orientering.

VEDTAK:

Godkjenning av plan for mellombels – anlegg og riggområde vert gjeve som omsøkt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2588

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fylkesmannen i Hordaland - oppstar av verksemd etter forureiningslova - knuseverk

Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
-----------------------------	------------------------	------	----------